

Høyring - Forslag til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogaure i sjøvatn 2009

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane Fylkeskommune ser mykje positivt i framlegget slik det ligg føre. Det er viktig at tildelingsprosessen vektlegg omsyn til miljø, kamp mot sjukdom (PD) og at den har intensjon om å ta vare på fylket sin eksisterande næringsstruktur med stort innslag av små og mellomstore aktørar.
- 2 Sogn og Fjordane Fylkeskommune er nøgde med at fylket vert tildelt fem løyve i 2009, og i tillegg har høve til å søke om dei fem ”nasjonale” løyva på økologisk produksjon. Det er positivt at regjeringa ynskjer å fremme økologisk produksjon av laks og aure gjennom å øymerke konsesjonar til dette føremålet utanom dei kvotane som er tildelt fylka.
- 3 Fylkeskommunen meiner tildelingsforskrifta ikkje bør setta eit tak på kor mange løyve ein søkjar kan tildelast. Aktørane bør sjølve vurdere dette ut frå sin eigen situasjon, kor mange løyve dei finn det økonomisk og bedriftsmessig er fornuftig å søke om.
- 4 Fylkeskommunen har tidlegare peika på (sak i Hovudutval for plan og næring 26.02.05) at ein er uroa for at inngangsbilletten for nye næringsaktørar kan bli for høg. Vi ber om at storleiken på vederlaget vert vurdert i lys av dette.
- 5 Det er positivt at deler av vederlaget aktørane betaler for løyvet skal tilbakeførast til fylkeskommunane, men ser gjerne at større del av overføringane fell på fylkeskommunen. Fylkeskommunen har m.a. gjennom høyringa i utkastet til ny akvakulturlov teke til orde for at vederlaget også må komme den kommunen som har kostnadane med tilrettelegging av produksjonsarealet, til gode. Tilbakeføring av vederlaget til fylkeskommunen kan gje oss ein reiskap til å følgje opp denne intensjonen.
- 6 Det bør gjerast ei avklaring av problemstillinga knytt til koplinga mellom kva fylka som mottek søknad om løyve og kor dei klarerte lokalitetane ligg, før ein gjennomfører ei utlysing av løyva i 2009. Dette med bakgrunn i at tilbakeføring av deler av betalinga for løyvet skal tilfalle fylket der løyvet vert gjeve, og ikkje nødvendigvis der lokalitetane skal vere.
- 7 Det er positivt at ”mindre aktørar”, slik det vert definert i høyringsnotatet, skal prioriterast ved tildelinga. Når det gjeld å prioritere aktørar som vil legge til rette for auka bearbeiding er dette kriteriet positivt, men vil truleg vere vanskeleg å etterprøve.
- 8 Fylkeskommunen ser positivt på at den er tiltenkt ei rolle i denne tildelingsrunden. Fylkeskommunen er likevel i tvil om fylkesplanen i prosessen i 2009 vil vere det mest effektive reiskap for å dokumentera vurderingar av plassering av oppdrettsanlegg og for næringspolitiske vurderingar. Fylkeskommunen finn det meir rett å legge vekt på resultatata som kjem fram gjennom næringa sitt store

prosjekt i arbeidet med å bekjempe sjukdomen Pancreas disease (PD), som er eit stort problem i vårt fylke.

- 9 Fylkeskommunen meiner at formuleringa i høyringsutkastet om at "Vurderingane til fylkeskommunen skal dokumenterast" bør strykast. Ei uttale frå fylkeskommunane skal stå på eige grunnlag. Avveginga av fylkeskommunen sitt syn skal sjølvstøtt vektleggast etter ei totalvurdering av den som skal tildele løyva, på line med andre kriterium for tildeling.

Prenta vedlegg:

- 1 Utkast til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med matfisk av laks, aure, og regnbogeaure i sjøvatn i 2009.

Uprenta vedlegg:

- 1 Høyringsbrev: Høyring – forslag til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn 2009. Datert 30. desember 2008.
- 2 Framlegg til svar frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune på høyring om utkast til ny lov om akvakultur (handsama i HPN 26.02.05)

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Sogn og Fjordane fylkeskommune har motteke eit utkast til høyringsforslag frå Fiskeri- og kystdepartementet (FKD) om forskrift for tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogaure i sjøvatn 2009. Dei ber om innspel og merknader til høyringsforslaget innan 16. februar 2009.

Høyringsbrevet omhandlar kort fortalt:

- Tildelinga av løyve skal skje mot fast vederlag
- Fylkesvis fordeling av løyva
- Søknadsprosessen – medrekna konsultasjon med fylkeskommunane
- Kriteria for tildeling

Saka var opp i hovudutval for plan og næring 21.01.09 (4/09) og vart då utsett med ynskje om at nokre tilleggsvurderingar skulle følgjast opp i saksutgreiinga.

2. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

I høyringsbrevet ber Fiskeri- og Kystdepartementet om innspel på nokre konkrete problemstillingar som vert reist i utkastet til forskrift. I denne utgreiinga vil det derfor bli fokusert på desse områda.

I utgangspunktet er ikkje høyringsforslaget spesielt kontroversielt, og i det store og heile ser fylkesdirektøren positivt på framlegget slik det ligg føre.

Med tildeling av løyve i 2009 ynskjer regjeringa å bidra til å halde opp mangfaldet av aktørar i havbruksnæringa, då dei ser det som ei styrke at næringa har ein differensiert struktur med både små og mellomstore aktørar. Difor skal også mindre aktørar i næringa prioriterast ved tildelingar i denne runden.

Fylkesdirektøren ser det som positivt at mangfaldet i næringsstrukturen vert halde fram som noko ein ynskjer, då særleg vårt fylke er kjenneteikna ved at vi nettopp har mange små og mellomstore aktørar. Nyare økonomiske analyser syner også at mellomstore aktørar i næringa kjem godt ut når det gjeld produktivitet og økonomi.

Vidare ynskjer regjeringa at det vert lagt vekt på miljø og berekraft. Dette gjenspeglar seg m.a. i at tre av vestlandsfylka er tiltenkt 5 løyve kvar i denne tildelingsrunden. Desse løyva skal også nyttast til å følgje opp det pågåande arbeidet næringa sjølv har sett i gang for å kjempe mot sjukdomen PD (Pancreas disease) som har ramma næringa særleg i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og søre delar av Møre og Romsdal. Dersom anlegg har trong for å flytte for å betre smittetilhøva, skal slike argument prioriterast ved tildelinga av nye konsesjonar. Dette er eit arbeide fylkeskommunen ser det som særleg viktig å følgje opp.

Tal løyve pr. aktør

Høyringsinstansane blir bedne om å vurdere om det bør vere eit øvre tak for kor mange løyve ein søkjar kan tildelast. Dei meiner at omsynet til fordeling av løyve på fleire aktørar kan tilseie at det bør innførast eit slikt tak. I dei seinare åra har innteninga til næringa variert, mykje avhengige av tilhøve dei ikkje sjølv kan kontrollere (t.d. valutaendringar,

marknadspreferansar, sjukdom hjå aktørar i konkurrerande land t.d. Chile). Vi ser føre oss at slike hendingar også vil spele inn i tida som kjem. Det er såleis vanskeleg å sjå føre seg kor attraktivt det til ei kvar tid vil vere for aktørar å søkje om fleire konsesjonar ved same tildelingsrunde. Fylkesdirektøren meiner difor at det ikkje bør settast eit slikt tak i tildelingsforskrifta, då aktørane sjølve bør vurdere ut frå sin eigen situasjon om kor mange løyve dei ynskjer å søke om. Så får det heller vere opp til dei som gjev konsesjonen korleis den endelege fordelinga vert.

Tal løyve

Sogn og Fjordane Fylkeskommune er nógde med at fylket vert tildelt fem løyve i 2009, og i tillegg har høve til å søke om dei fem ”nasjonale” løyva på økologisk produksjon. I tråd med regjeringa sin intensjon om at nokre av desse lokalitetane skal kunne nyttast som erstatning hjå aktørar som i dag har mindre eigna lokalitetar grunna smittefare for PD, er det ikkje sikkert at det totale tal konsesjonar i fylket veks med 5 eller fleire.

Vederlag og kopling mellom fylke og lokalitetar

Sidan løyve til oppdrett i dagens marknad vert omsett mellom næringsaktørar mot betaling, er det foreslått eit vederlag for konsesjonane også i 2009. Fylkesdirektøren finn det rimeleg at ved å ta betalt for løyvet, sikrar ein at verdien av løyva går til fellesskapet og ikkje til den som vert tildelt den særretten eit løyve er (og som fritt kan selje det vidare).

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peika på (sak i Hovudutval for plan og næring 26.02.05) at vi er uroa for at inngangsbilletten for nye næringsaktørar kan bli for høg. Eit vederlag på kr. åtte millionar synest høg utifrå dei finansielle tilhøva vi har i dag.

Fylkesdirektøren ser det som positivt at i alle fall deler av vederlaget aktørane betaler for løyvet skal bli tilbakeført til fylkeskommunane, men ser gjerne at større del av overføringane tilfell fylkeskommunen. Fylkeskommunen har m.a. gjennom høyringa i utkastet til ny akvakulturlov spela inn at vederlaget også må kome den kommunen som har kostnadane med tilrettelegging av produksjonsarealet til gode. Tilbakeføring av deler av vederlaget til fylkeskommunen gjev oss eit reiskap til å følgje opp denne intensjonen.

Fylkesdirektøren merker seg at medan fylka sør for Finnmark får tilbakeført under 40 % av vederlaget som vert betalt for løyvet, vil Finnmark fylkeskommune få tilbakeført 100 % av summen som vert betalt for løyva i deira fylke.

Eit løyve består av ein rett til produksjon av ein bestemt art i eit bestemt omfang på ein gitt lokalitet. Dette inneber at eit tilsegn om løyve ikkje gjev rett til drift før det er knytt ein lokalitet til løyvet. I søknaden om løyve må søkjaren vise til kvar han/ho ynskjer å ha lokaliteten. Denne må ligge innanfor den regionen til Fiskeridirektoratet der søkjaren søker løyve. Fylka Sogn og Fjordane og Hordaland utgjer ein slik region, og det vil i praksis bety at søkjarar i Hordaland kan knyte seg til lokalitetar i Sogn og Fjordane og vice versa. I dag finnst det, i følge Fiskeridirektoratet region Vest, døme på at løyveeigarar i Hordaland berre har lokalitetar i vårt fylke.

I høyringsnotatet er det ikkje drøfta om kva fylke som skal ta imot tilbakeføring for betaling av løyvet i høve til kor lokalitetane ligg. Ein aktør opererer ofte i meir enn eitt fylke, og kva fylke er det då som skal få tilbakeført vederlaget for konsesjonen? Vi kan t.d. tenke oss at aktørar i Hordaland ynskjer å flytte lokalitetar nordover for å unngå mykje av

smittepresset i høve ulike sjukdomsutbrot. Fylkesdirektøren meiner at denne problemstillinga burde vore avklart i høyringsdokumentet.

Kriterium

Det ligg som føring at "mindre aktørar" i næringa skal prioriterast ved tildelinga i 2009. Fiskeri- og Kystdepartementet legg til grunn at ein "mindre aktør" skal tolkast som det som blir kalla små og mellomstore selskap i "Økonomiske analyser akvakultur 2007" utgitt av Fiskeridirektoratet. Dette omfattar aktørar med inntil 19 løyver til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeare. I vårt fylke vil dette seie alle aktørar med unnatak av Marine Harvest. Også dei som ikkje har løyve frå før, fell inn under denne tolking. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har ikkje motførestillingar mot denne tolkinga.

Søklarar som "vil legge til rette for auka bearbeiding"

Regjeringa ynskjer å medverke til auka verdiskaping og sysselsetting i kystdistrikta, og vil difor i denne tildelingsrunden prioritere aktørar som "*vil leggje til rette for auka bearbeiding med sikte på økonomisk integrasjon i kystdistrikta i Noreg*". Med kystdistrikt meiner ein her kommunar innanfor verkemiddelområdet for differensiert arbeidsgjevaravgift, og såleis alle aktuelle kystkommunar i vårt fylke (kommunar som ligg innafør nasjonale laksefjordar er ikkje aktuelle ved tildeling av nye løyve).

Bearbeiding skal forståast vidt, og omfattar både slakting, vidareforedling og anna bearbeiding. Det står i høyringsutkastet at bearbeiding omfattar både eksisterande og planlagd bearbeiding, både i og utanfor fylket eller regionen til løyvet det er søkt om. Dess større grad av bearbeiding som finn stad, dess meir skal det trekke i favør av aktøren. Det er ikkje naudsynt at søkjar sjølv eig verksemda som skal bearbeide produkta. Fylkesdirektøren ser kriteriet som prisverdig, men at det kan bli svært vanskeleg å prioritere etter dette. Skal det halde med "god intensjon" frå søkjar, eller skal det krevjast ei bindande kontrakt på levering av matfisk?

Økologisk løyve

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ser positivt på at ein fremmer økologisk produksjon av laks og aure gjennom å øyremerke konsesjonar til dette føremålet og at desse kjem utanom "ordinær" kvote som er tildelt fylka.

Søknadsprosessen

Fylkeskommunane skal i denne tildelingsrunden uttale seg om "*næringspolitiske vurderingar i lys av fylkesplanen, medrekna kvar i fylket det er ønskjeleg med meir oppdrettsverksemd*" jf. forslaget §6,2. ledd. Vurderingane til fylkeskommunen skal dokumenterast.

Fylkesdirektøren ser positivt på at fylkeskommunen er tiltenkt ei rolle i denne tildelingsrunden, også med tanke på at konsesjonstildelinga frå 2010 skal vere fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Fylkesdirektøren er likevel i tvil om fylkesplanen i denne samanheng er det mest effektive reiskap for dokumentasjon om vurderingar av plassering av oppdrettsanlegg og for næringspolitiske vurderingar. Fylkesplanen er meint å vere meir eit overordna plandokument som skal gje føringar for langsiktige strategiar og vil nok vere varierande både i innhald og kvalitet når det gjeld å ivareta dette temaet fylka imellom. For Sogn og Fjordane sin del, er Fylkesplanen 2005-2008 vedteke forlenga ut 2010 for å ta høgde for dei nye oppgåvene som tilfell fylkeskommunen gjennom forvaltningsreforma. Den er såleis mindre oppdatert enn ynskjeleg for å danne bakgrunn for

fylkeskommunen sine vurderingar ved denne tildelingsrunden. I tillegg har det sidan 2005 dukka opp nye utfordringar for havbruksnæringa som eksisterande plan ikkje tek høgde for. Fylkesdirektøren vil difor sjå det som meir rett å legge vekt på resultata og strategiane som kjem fram gjennom det arbeidet som næringa sjølve nå gjer, særleg med omsyn til det tidlegare omtala PD arbeidet på Vestlandet.

Fylkesdirektøren stiller seg undrande til at formuleringa i høyringsutkastet om at ”Vurderingane til fylkeskommunen skal dokumenterast”. Korleis dokumenterer ein politiske meiningar og føringar, og korleis skal ein tolke tilrådingar som er gjeve i fylkesplanen som vert skriven før 2005 i lys av dagens situasjon for næringa? Fylkesdirektøren meiner at uttale frå fylkeskommunane skal stå sterkt i seg sjølv, og at det ikkje skal vere etterprøving av denne. Avveginga av fylkeskommunen sitt syn skal sjølvstøtt vektleggast etter ei totalvurdering av den som skal tildele løyva, på line med andre kriterium for tildeling.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ser mykje positivt i framlegget slik det ligg føre. Det er viktig at tildelingsprosessen vektlegg omsyn til miljø, kamp mot av sjukdom (PD) og at den har intensjon om å ta vare på fylket sin eksisterande næringsstruktur med stort innslag av små og mellomstore aktørar.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune er nøgde med at fylket vert tildelt fem løyve i 2009, og i tillegg har høve til å søke om dei fem ”nasjonale” løyva på økologisk produksjon. Det er positivt at regjeringa ynskjer å fremme økologisk produksjon av laks og aure gjennom å øyremerke konsesjonar til dette føremålet utanom den kvoten som er tildelt fylka.

Fylkesdirektøren meiner at det i tildelingsforskrifta ikkje bør settast eit tak på kor mange løyve ein søkjar kan tildelast, då aktørane sjølve bør vurdere ut frå sin eigen situasjon om kor mange løyve dei finn det økonomisk og bedriftsmessig fornuftig å søke om.

Fylkeskommunen har tidlegare peika på (sak i Hovudutval for plan og næring 26.02.05) at ein er uroa for at inngangsbilletten for nye næringsaktørar kan bli for høg. Eit vederlag på kr. åtte millionar synast høgt utifrå dei finansielle tilhøva vi finn i dag. Vi ber om at storleiken på vederlaget vert vurdert i lys av dette.

Fylkesdirektøren ser positivt på at i alle fall deler av vederlaget aktørane betaler for løyvet, skal bli tilbakeført til fylkeskommunane, men ser gjerne at større del av overføringane fell på fylkeskommunen. Fylkeskommunen har m.a. gjennom høyringa i utkastet til ny akvakulturlov spela inn at vederlaget også må kome den kommunen som har kostnadane med tilrettelegging av produksjonsarealet til gode. Tilbakeføring av vederlaget til fylkeskommunen kan gje oss eit reiskap til å følgje opp denne intensjonen.

Fylkesdirektøren meiner at problemstillinga knytt til koplinga mellom dei einskilde fylka og regionen der ein søker om løyvet og kor dei klarerte lokalitetane ligg skulle vore klargjort i

Høyingsdokumentet. Dette er ei reell problemstilling i og med at Fiskeridirektoratet sine regionar ikkje er dei same som fylkeskommunane sine administrative grenser.

Det er positivt at ”mindre aktørar”, slik det vert definert i høyringsnotatet, skal prioriterast ved tildelinga. Når det gjeld å prioritere aktørar som vil legge til rett for auka bearbeiding er dette kriteriet positivt, men vil truleg vere vanskeleg å etterprøve.

Fylkesdirektøren ser positivt på at fylkeskommunen er tiltenkt ei rolle i denne tildelingsrunden. Fylkesdirektøren er i tvil om fylkesplanen i denne samanheng er det mest effektive reiskap for dokumentasjon om vurderingar av plassering av oppdrettsanlegg og for næringspolitiske vurderingar. Fylkeskommunen vil difor sjå det som rettare å legge vekt på resultatata og strategiane som kjem fram gjennom det arbeidet som næringa sjølve nå gjer, særleg med omsyn til det tidlegare omtala PD arbeidet på Vestlandet.

Fylkesdirektøren meiner at formuleringa i høyringsutkastet om at ”Vurderingane til fylkeskommunen skal dokumenterast” bør strykast. Ei uttale frå fylkeskommunane skal stå på eige grunnlag. Avveginga av fylkeskommunen sitt syn skal sjølvsagt vektleggast etter ei totalvurdering av den som skal tildele løyva, på line med andre kriterium for tildeling.